

Årsmelding for Røysaleite grendalag 2016

Generelt

I 2016 har vi fokusert på å setje i stand tre av leikeplassane i grenda. Vi har hatt jonsokfeiring i Nilstræet og har fremja innspel om trafikktryggingstiltak til kommunen.

Årsmøte 2016

Årsmøtet 2016 var 23.06.2016 i Henjahaugane barnehage. Det var 10 frammøtte. I tillegg til ordinære årsmøtesaker, diskuterte vi tiltak vi ønskte å prioritere i 2016.

Styret

Styret i grendalaget består av Sindre Børsheim Ramung (leiar), Rune Røysum (kasserar) og Anders Yri. Olaug Takle og Mari Buene er vara.

Styret har hatt fire møte i 2016.

Aktivitetar

Dugnad: Grendalaget gjennomførte nokre gode dugnadar på leikeplassane i Nilstræet og Dalhjellevegen. Dette fekk me gjort:

- Me grunna og malte dukkehuset i Nilstræet i rørosraudt med kvitt listverk.
- Me lagde ei balanse-avdeling i Nilstræet med revitalisert balansestokk (den gode, gamle på nye føtter) og nedgravde bildekk og stokkar til å hoppe eller hinke på.
- Me sette opp tårnet og brua som tidlegare sto på barneskulen på leikeplassen i Nilstræet.
- Sandkassene i Nilstræet og Kolabakken blei fylt med meir sand og kassen i Nilstræet fekk nye topp-bord.
- Me spente opp stram line i Nilstræet som ungane kan bryne seg på. Under har me fylt på med sand.
- Mange var i sving med å rydde vegetasjon og stein i Nilstræet. I regi av Petter Stenstadvold blei det også rydda på fellesareala i Hovdavegen-Dalhjellevogen.
- Vi hang opp nye husker og kjetting i stativa i Nilstræet og i pDalhjellevegen.

Tusen takk til alle dei som deltok på dugnadar i året som gikk!

Jonsok-feiring: Bada i varmt solskinn blei det ei fin ramme rundt jonsokfeiringa på Nilstræet. Vi fekk bål-løyve og kvisthaugen frå siste dugnaden gikk opp i fyr og flamme. Ikkje like høgt bål som på Nokkanes, men i alle fall lett antenneleg og velduftande, takka vere all einer-veden. Vi satsar på at jonsok-tradisjonen med fest i



Nilstræet med dette er gjenoppliva, og ønskjer alle velkommen til å bli med også i år.



Uttale om trafikktryggleik: Grendalaget har sendt innspel til kommunen om korleis ein med relativt enkle grep kan betre trafikktryggleiken i grenda.

Uttala finst på

<http://roysaleite.no/2016/10/03/uttale-om-trafikktryggleik/>

Heimeside og Facebook-side: Grendalaget har ei nettside på www.roysaleite.no og ei Facebook-side på www.facebook.com/roysaleite/ Følg oss på web og på Facebook!

Søknad om støtte: Styret har søkt kommunen om midlar til å halde fram med opprustinga av leikeplassane og fellesareala. Me har fått avslag på søknaden, og planlegg no å søke private fond og legat i staden for å skaffe midlar til litt større investeringar.

Oppsummering

Me meiner me har kome eit lite stykke vidare med å ruste opp leikeplassane og reetablere fellesareala som ein plass der folk i grenda kan møtast, enten det er til Jonsok-, bursdagsfeiring, eller berre for å komme saman og grille litt i lag.

Økonomien til grendalaget er ikkje romsleg og vi ser at vi vil trenge finansiering utanfrå for å kunne realisere dei litt større løfta.

Finansiering eller ikkje – me held fram med dugnadsarbeidet og ønsker å få til endå fleire samankomstar på fellesareal, slik at vi kan bli endå betre kjende med kvarandre i grenda.